

Øystese sokneråd

5610 Øystese

Sakliste, Øystese Sokneråd

Stad: Øystese bedehus

Dato: **tysdag** 07.11.2023

Tid: kl. 19.00 - 21.30 (Møtet vert litt forlenga i høve fellesmøte og matøkt)

Soknerådsmøta er opne.

Dette vert eit fellesmøte med både dei gamle og dei nye soknerådsmedlemene. Vi sit saman den første timen. Så er planen at dei «avgåande» gjer litt forarbeid til eit måltid, medan vi i det nye soknerådet konstituerer oss (val av leiar, nestleiar, kasserar mm). Vi avsluttar med eit felles måltid (både avgåande og påtroppande sokneråd)

Dato: 7.11.2023		
Innkalla : Roar Strømme, Marita Dalatun, Kjell Dysvik, Erna Haltvik, Jan Hellingsrud, Edel Huse, Bente Helen Rykkje Jordalen, Eli Skaar Kvarv, Mari Laupsa, Astrid Lunestad, Oddvar Ulltang, Ruben Øystese, Sveinung Lid Aalvik, Therese Rykkje (Nyvalde til nytt sokneråd) Aina T Vågen, Anne Christin Myklebust, Hilde Måge Kristiansen, Gunlaug Sekkingstad, Anne Britt Berge, Kjell Arne Gjørn, Bård Magnus G Lundestad		
Ikkje til stades: Edel Huse, Eli Skaar Kvarv		
NR:	SAKER:	MERKNADER:
1.	Godkjenning av innkalling, referat, sakliste + ord for dagen	<ul style="list-style-type: none">- Salme til opning: Jeg er i Herrens hender- Presentasjonsrunde av gamle og nye medlemmer av soknerådet.- Referatet vart godkjent.
INFO	Innkomen post, økonomi, mm	
2	Evaluering gudstenester mm	<ul style="list-style-type: none">- Føremiddagstreff i dag: føredragshaldar var sjuk, tema vart endra til «Salmereise med Roar og Ulf». Song og fortalde. 25 stk. møtte. God mat.- Legoklubb – cirka 12 stk. møtte. Solfrid har regien. Mat, forteljing og byggjer lego.- Allehelgensgudsteneste – fin stund med ljostenning for dei som har gått bort siste året. 60 stk.- Bots- og bededagsgudsteneste – 40 stk.

		<ul style="list-style-type: none"> - 15.10 – cirka 30 stk. – mindre folk ved kveldsgudsteneste. - Hallo venn - vennefesten i Norheimsund – alternativ Halloweenfeiring – stort arrangement - mellom 200 – 250 stk. innom dørene. 120 stk. var påmelde, fleire kom, pluss foreldre. Ungane er små, trur det kan ha noko med at skulane/foreldra arrangerer Halloween-arrangement, så det er mest populært for dei minste. Ungane er rundt på ulike stasjonar. Krev mykje folk, eit av dei største arrangementa i kyrkja i Kvam.
3.	Orientering om oppgåver og aktivitetar i Øystese sokneråd	<ul style="list-style-type: none"> - Kjell gjekk gjennom årshjulet og snakka litt gjennom dei ulike arrangementa og kva me jobbar med.
4.	Konstituering av nytt sokneråd	<ul style="list-style-type: none"> - Leiar – Kjell Dysvik - Nestleiar – Astrid Lunestad - Skrivar – Anne Christin Myklebust - Kasserar – Therese Rykkje - Fellesrådet – Kjell og Astrid Personleg vara Kjell - Ruben Personleg vara Astrid – Kjell Arne - Diakoni – me kjem tilbake til dette i eit seinare møte, der me set oss meir inn i kva arbeidet går ut på.
5.	Kvalitetssikring av oppgåver november - desember	<ul style="list-style-type: none"> - Presentasjon av nytt sokneråd i gudsteneste 19.11 og me takkar av dei gamle. Kyrkjevertar – Jan og Erna - Trusopplæring. Solfrid S Lindøy har bedt oss om hjelp med arrangement: Legoklubb 29.11. Kyrkjevert – Bård Magnus Lys vaken laurdag til søndag 18-19.11. Ruben, Kjell, Aina, Gunnlaug stiller frå soknerådet. - Deltaking på «Fest på kjerka» (tidlegare Sjømannsmisjonen) onsdag 29.11. Kyrkjevertar - Astrid og Anne-Britt - Fakkeltog før ljosomesse 10.12 - Kyrkjevertar – Aina og Anne Christin - Julafta – MERK: berre ei gudsteneste dette året. Kyrkjevertar – Aina og Hilde. Astrid er klokkar. - Frivillegfest er sett opp på årsplanen i november men vert føreslått flytta til januar grunna mykje anna aktivitet i denne månaden. Alle var einige i at dette var ein god ide - Vi har eiga sak/besøk av kateket i seinare møte (desember?)
	Eventuelt	<ul style="list-style-type: none"> - Felles liturgi for heile kommunen – delt liturgi vart ikkje godkjent av

		<p>bispedømet. Me tek opp igjen saka ved seinare høve.</p> <ul style="list-style-type: none"> - Coop-kort – me må oppgradera kven som skal ha lov å handla på Coop. - Personstemmer etter valet – Jarand Mæland og Oddvar Ulltang fekk personstemmer på soknerådsvalet. Dei ynskjer ikkje vera ein del av soknerådet i denne perioden og er fritekne frå soknerådet til å sitja i soknerådet. <p>Førebelse møtedatoar fram til sommaren: Januar – 9 Februar – 13 Mars – 12 April – 9 Mai – 7 Juni – 4 Tysdagar klokka 19 – 21 Kyrkja/bedehuset</p>
		<p>Møtet vert avslutta med Vår far</p>